

Statens Vegvesen
V/ Kari Elster Moen

Lygra 24.07.17

Re.:

**Ber om avklaring før vidare handsaming etter veglova - avkøyrsle -
Fv. 404 -
Gnr. 58 bnr. 3 og 7 - Lindås kommune**

Viser til dykkar brev om trong for avklaringar om kva saka gjeld. Innleiingsvis må vi seie at det vert for oss vanlege folk mykje byråkrati og brev ut av denne søknaden vi sendte i fjar. Det bør gå klart fram av all korrespondansen og klagebrevet kva me har søkt vegvesenet om i 2016. Vi har ikkje bringa inn to ulike utgangspunkt i saka. Det er det vegvesenet som gjer i dette brevet.

Når vegvesenet sjølv vel å avvike normal prosedyre for slike saker og endre sakhandsamingsprosessen undervegs frå P&B til veglova, så kan etter vårt skjøn ikkje vegvesenet påberope seg eit muleg avslag etter P&B i ettertid som grunnlag for avslag etter veglova. Med den kunnskap vi har om slik saksgang, er dette ikkje i tråd med god forvaltingsskikk og dessutan feilaktig.

Vi ber difor om at de realitetshandsamar klagen etter veglova med dei klagemoment vi har tilført saka og ikkje berre oversender den med summarisk sakshandsaming til fylkeskommunen slik de skriv i brevet. Noko anna vil vere oppsiktsvekkjande.

Når det gjeld dykkar påstand om at saka er avslutta hos Fylkesmannen etter P&B, er den forøvrig feilaktig. Saka er ikkje avslutta hos Fylkesmannen. De kan difor heller ikkje påberope dykk dette tilhøvet om det så skulle vere legalt å "endre lovverk." undervegs.

De skriv vidare om div tema ved sakshandsaminga hos Lindås kommune som vi bør avklare. Vi takkar for denne informasjonen, men reknar med at den vert i varetaken i prosessen med kommunen. Vi vil elles opplyse om at omsøkte avkøyrsle og vidare 5 m inn i avkøyrsla ligg i eksisterande og godkjent avkøyrsle og treng ikkje løyve frå kommunen.

Vi ser dykkar forslag om eit alternativ nr 2 som ei gunstig alternativ for dagens avkøyrsle som munnar ut i svingen. Det er vi samd i. Men saka er at bruket har ei godkjent avkøyrsle og den vil verte nytta i både næring og for eksisterande bustadhus i framtida. Vegvesenet har no fått ein mulegheit til å sanere denne utkøyrsla (formelt 80 km /t i flg vegvesenet i si saksutgreiing) med ei framtidig løysing til gode for alle partar. Denne sjansen bør de gripe. Med helsilng

MVH
Lars B. Lygre og Rita Janet Fløholm